

Tilrettelegging av barnehagetilbodet

Barn med nedsett funksjonsevne

Barn med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit til å delta i barnehage på same måte som andre barn.

Barnehagelova §2, tredje ledd, stiller krav til at barnehagen skal tilpassa tilbodet mellom anna ut frå barnets funksjonsnivå. Dette betyr at barnehageeigar har ansvar for å sjå til at barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod i tråd med lova. Barnehageeigar sitt ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjera innafør dei ordinære rammene.

Kommunen skal sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. I barnehagelova §19 g «Barn med nedsett funksjonsevne», vert kommunen si plikt til å leggja til rette barnehagetilbodet for barn med særskilde behov fastsett.

«Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får et eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfattar ikkje tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særleg legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjons hemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsett funksjonsevne.»

Kommunen si tilretteleggingsplikt gjeld tiltak som er nødvendig for at barnet skal nyttiggjøre seg plassen. Plikta gjeld barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen og som har barnehageplass.

Kommunen si tilretteleggingsplikt inneber ikkje at kommunen må finansiere tilrettelegging som den enkelte barnehage er pålagd å følgja etter krav i barnehagelova eller anna regelverk. Barn kan i unntakstilfelle verta tilbydd plass i ein annan barnehage enn den dei føresette ynskjer, dersom individuell tilrettelegging ved den ønskte barnehagen er for byrdefull for kommunen.

Det er foreldre/føresette som søker om tilrettelegging av barnehagetilbodet til sitt barn. Barnehagen som barnet går i rettleiar foreldre/føresette i utfylling av søknaden. Samnanger kommune fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet. Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og foreldre/føresette har klagerett på vedtaket. Klage instans er Fylkesmannen i Hordaland jf. Ny §9b.